



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 6

September 1977

31. årg.

SOKNERÅDSVAL

Det skal i haust veljast nye sokneråd i Vaksdal og det er mykje om å gjera at desse arbeidslaga kan verta gode og tenlege for vår kyrkje. Oppgåvene for sokneråda er mange og ein kan til dømes nemna: tilsyn med kyrkje og kyrkjegard, sette opp framlegg til kyrkjebudsjett, tilsetjing av klokkar og kyrkjetenar, uttala seg ved tilsetjing av prest, biskop og organist og sei si meining om kyrkjelege saker som er oppe i tida. Når det gjeld det siste, kan ein nemne spørsmålet om eit nytt bispedøme på Vestlandet, om ein lyt halda på statskyrkja eller meir lokale saker som om Modalen skal leggjast til Vaksdal prestegjeld. Dette er alle viktige ting for kyrkja, men når dette er nemnt må ein ikkje gløyme sjølve grunnlaget for all verksemd i soknerådet slik det er utforma i paragraf 23 i «Lov om den norske kyrkjas ordning»:

«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som

kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menigheten, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynnt, syke og døende betjent med det, ungdommen samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet».

I eit sokneråd skal det vera 4, 6, 8 eller 10 medlemmer + prest. Hos oss er det 6 i sokneråda på Dale, Vaksdal og Stamnes/Eidsland, 4 på Nesheim, Flatekval og i Bergsdalen. Sokneråda vert valt for 4 år.

Kven kan då veljast til sokneråda? I lova står det:

«Valgbar til menighetsråd og pliktig til å ta imot valg er enhver som har rett til å stemme ved valget. Utelukket fra valg er dog den som senest på valgdagen fyller 68 år, og rett til å kreve seg fritatt for valg har a) den som ved utgangen av valgåret har fylt 60 år, b) den som ved utgangen av valgåret har gjort tjeneste som med-

lem av menighetsrådet de 4 siste år og c) den som påberoper seg svakhet eller anen hindring som menighetsrådet godkjenner.»

Det er dei som meiner at øvre grense på 68 år for å veljast, må gå ut. Ein må seia seg samd i dette, for gode og turvande medlemmer vert på dette vis utestengd. Dette syner seg på ein særleg måte i små sokn som me finn fleire av i Vaksdal.

Rett til å stemme har alle som er medlemmer av Den norske kyrkje og som bur i soknet og som har statsborgarleg stemmerett. Det har vore på tale å senke den kyrkjelege stemmealder. Mange unge under 20 år er sterkt knytt til det kyrkjelege arbeid og lyt få meir å seie i soknerådssam-
anheng.

Stemmesetelen som ein leverer inn valdagen, skal ha så mange namn som skal veljast inn i soknerådet + 5 varamenn. Då listene inneheld det dobbelte antall namn, må ein hugse på å stryke, så det rette antall namn vert ståande att.

Sjølve soknerådsvalet i Vaksdal vert etter gudstenestene på fylgjande dagar: Dale 30. oktober, Neshelm 6. november, Eldsland 13. november, Stamnes og Bergsdalen 20. november, og Vaksdal og Flatekval 27. november.

Det er soknerådet som utgjer valstyre og som førebur og tilrettelegg sjølve valet.

Til deg som ber vil me og seia. Hugs på valet og dei nye sokneråda at dei måtte verta til dei skulle vera.

Magne Steinnes

Aksjonsveke

VAKSDAL KYRKJE

3. — 10. oktober.

Sundag 2. okt. kl. 11.00:

Familiegudsteneste ved res.kap. Steinnes. Barnekoret. Utdeling av «Mi kyrkjebok».

Tysdag 4. okt. kl. 17.00:

Barnemøte. Turid Steinnes m.fl.

Tysdag 4. okt. kl. 19.30:

Lærer Ola Kallestad. Song av Vaksdal kyrkjekor og Ragnhild Kallestad.

Onsdag 5. okt. kl. 19.30:

Krætssekretær Magne Grønnlien. Song av Stamnes damekor. Misjonsmøte.

Torsdag 6. okt. kl. 19.30:

Ungdomsprest Magne Utle. Song av Dale Kyrkjekor.

Fredag 7. okt. kl. 19.30:

Res.kap. Per Fimreite. Song av ungdomskoret «Fides».

Laurdag 8. okt. kl. 19.30:

Res.kap. Knut Torjuul. Loddefjord ungdomskor «Gospelnight».

Sundag 9. okt. kl. 11.00:

Gudsteneste ved pastor Alf Andersen.

Sundag 9. okt. kl. 18.00:

Pastor Alf Andersen. Song av Vaksdal kyrkjekor og Birger Olsnes. Kollekt.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Magne O. Steinnes, 5270 Vaksdal.
Medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.

Kasserar: Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.

Postgiro 5 72 34 73. Bankgiro 3500.50.1001

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 10,— for året.

Eksped.: Skaars Boktrykkeri,
5601 Norheimsund — tfn. 8.

Fornyng av gudstenesta

Det er nå vedteke at frå 1. sundag i advent vil me få den nye høgmesseliturgien inn i kyrkjene våre om ein då ikkje søker om utsetjing. På prostimøtet på Helgatun np i haust fekk ein vera med ved ei gudsteneste etter den nye liturgien og reaksjonane var for det aller meste positive. Ein merka ein meir glad gudstenesteform og at kyrkjelyden vart meir aktivt med. Skilnaden frå den liturgi me har i dag, er heller ikkje så skremande stor. Men reaksjonar vil det nok verta. Slik vil det alltid vera når noko nytt kjem, og ikkje minst når det gjeld gudstenesta. Særleg dei eldre vil nok ha vanskar med å omstilla seg, men me vonar at det ikkje vil skapa noko vondt i våre kyrkjelydar av den grunn. At ei fornyng av vår høgmesseliturgi har vore turvande trur eg nok dei fleste er samd i. Me får no berre vona at den nye forma vert til ei lukkeleg ordning for vår kyrkje.

Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 EIDSLANDET
Avd. 15 — 5296 EKSINGEDALEN

Kyrkjemusikalsk aktivitet i Dale kyrkje hausten 1977

Vi tykkjer erfaringane etter vårsemesteret er så positive at vi vil gå inn for stor aktivitet også i haust. Av månadskonsertar kan vi nevne:

- 1.) 25. september. Den verdskjende orgelspelaren David Sanger (kl. 19.30)
- 2.) 1. oktober. To musikk/songkveldar.
22. oktober. Ungdomskveld med ungdomskor frå kommunen og
23. oktober vil vi freista noko nytt. «Heile kyrkjelyden syng», der alle kora på Dale og helle kyrkjelyden vert innvitert til lovsongkveld. Elles vert det innslag musikk/song med i aksjonsveka 19. — 26. oktober.
- 3.) 1. s. i advent 27. november får vi besøk av koret «In nomine» fra Johanneskirken i Bergen.
- 4.) 1. desember vert det både Lysmesse og Julekonsert med lokale musikk/songkrefter.

Kyrkjekoret på Dale har starta øvingane etter ferien, og det ser ut til at vi kan stille opp med eit kor på 35-40 medlemmer. Men vi treng fleire mannsstemmer, så er det nokon som er interessert, ta kontakt med organist Ragnvaldsen tfn. 2108. Programmet er nytt og allsidig, så kom og bli med i eit godt og hyggeleg songmiljø.

Vi øver i kyrkja torsdag frå kl. 19.30 til 21.00.

Songskulen ved Dale kyrkje har og starta øvingane etter ferien. Vi har to kor som før. Dei yngste frå 1.—6. klasse i barneskulen, og dei eldste frå 7. klasse i ungdomsskulen o.s.b.

Vi vonar å få fleire med i begge kora, så hvis nokon har interesse, så ring Ragnvaldsen, (2108) om nærare opplysning. L.R.

Send barna til søndagsskulen



Alle vi som arbeider i søndagsskulen i Vaksdal kommune, vil gjerne få koma med ei helsing gjennom kyrkjebladet. Vi har nettopp vore samla til arbeidarmøte på Dale hos Bjarne Taule, saman med kretssekretærene frå Bergen. Og vi seier hjarteleg takk for alt godt vi fekk ta imot i heimen dykkar, denne gongen og.

Arbeidet blandt barna går sin gang i det stille, får vi seia. Vi ser det slik at alle barn har rett på å få høyra evangeliet, difor er det ei kjær plikt for oss å prøva å gje barna eit tilbud til ei samling på søndagen. Vi vil gjerne med det same få be alle foreldre: «Prøv å send barna til søndagsskulen.»

Her er dei stadene vi samlast på:

Stavenes søndagsskule: Annankvar søndag i grendahuset kl. 11.00.

Vaksdal søndagsskule: Kvar søndag i kyrkja kl. 10.00.

Stanghelle søndagsskule: I bedehuset kvar søndag kl. 10.00.

Dale søndagsskule: I Forsamlingshuset kvar søndag kl. 15.30.

Bergsdalen søndagsskule: I kyrkja kl. 11.00.

Straume søndagsskule: Annankvar søndag kl. 10.30.

Stamnes søndagsskule: I bedehuset annankvar søndag kl. 10.00.

Nordgrend søndagsskule: Skulehuset annankvar søndag kl. 10.30.

Eidslandet er for tida utan arbeidarar.
Eksingedalen skule: Der samlast dei kl. 10.15.

Lavik søndagsskule: Der samlast dei kl. 10.00.

M. H.

Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam
Telefon Dalekvam 2261
Tekstilvarer — Sengetøy
Bomull og ull metervarer
Strikke- jakker og gensere

ANDAKTA

Hjelp deg sjølv og oss

Me vil freista å få med fleire til å skriva andaktane til kyrkjebladet. I dag har Ragnar Trohjell frå Torskedalen skriva andakten. Han er kasserar i kyrkjebladet og elles med i soknerådet på Stamnes.

Den eine av røverane som hang der, spotta han og sa: «Er ikkje du Messias? Hjelp deg sjølv og oss!» Luk. 23,39.

Jesus var krossfest. For dei som hadde fylgt han og trudde på han, såg det mørkt og vonlaust ut. Han som hadde stilla stormen, lækt mange sjuke, vekt opp døde, no såg det ut til at han var hjelpelaus. No hadde motstandarane vunne over han.

Saman med Jesus hang det to røvarar. Den eine vedgjekk at han var skuldig: «— me får berre att for det me har gjort. Men han har ikkje gjort noko gale». Til Jesus sa han: «Kom meg i hug når du kjem i ditt rike». Jesus svara: «I dag skal du vera med meg i Paradis».

Den andre røveren reagerte på ein annan måte. Han hadde og høyrte om Jesus, og no tenkte han at det kunne kanskje vera råd å koma seg ut or denne knipa og. «Hjelp deg sjølv og oss», sa han. Både han og mange av folket trudde sikkert at Jesus ville gjera det, så sant han kunne.

Det såg ikkje slik ut. Men Jesus visste kva som måtte til. «Det er til gagn for dykk at eg går bort». Johs. 16,7.

Jesus var ikkje hjelpelaus. Han

kunne hindra at han vart fanga og at han vart krossfest, og han kunne stige ned av krossen. «Du hadde inga makt over meg om du ikkje hadde fått henne ovanfrå», sa Jesus til Pilatus. Johs. 19,11. Men han var komen til jord for å fullføra Guds plan. Det var Guds vilje at han skulle verta krossfest og døy i staden for oss. «Men Gud syner sin kjærleik til oss med di Kristus døydde for oss medan me endå var syndarar». Rom. 5,8. «Han som ikkje visste av synd, har han gjort til synd for oss, så me skal verta rettferdige for Gud i han». 2. Kor. 5,21.

Dette tilysnelatande nederlaget er det som kan gje oss evig liv. Då må me tru på Gud og den han sende, Jesus Kristus. Medan me endå var hjelpelaus, døydde Kristus til fastsett tid for ugudelege». Rom. 5,6.

«Hjelp deg sjølv og oss». Det var nett det Jesus gjorde. Men folket skjønna det ikkje. Det er ikkje første gongen me ikkje skjønna oss på Gud. Mange gonger spør me: Kvifor let Gud dette skje? Men gjennom motgang og vanskar kan Gud læra oss ting, som kan verta til hjelp for oss og andre seinare.

«Hjelp deg sjølv og oss». Me skal vera glade for at han ikkje oppfylte den bønna. Og me skal vera glade for at Gud kom til oss, for me er ikkje i stand til å koma til Gud av oss sjølv.

«Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg sjølv, så han ikkje tilreknar dei misgjerningane delra».

Ragnar Trohjell.

Frå kyrkjebøkene

DØYPTE:

VAKSDAL:

Anders Paulsen fødd 6/5 1977, døypt 28. august 1977.

Morten Andre Kjøndal, fødd 11/6 1977, døypt 28. august 1977.

Torben Kinch Knutsen, fødd 6/5 1977, døypt 28. august 1977.

Kristin Bendiksen, fødd 11/7 1977, døypt 28. august 1977.

STAMNES:

Yngve Demring, fødd 31/5 1977, døypt 21. august 1977.

EKSINGEDALEN:

Aina Dale, fødd 21/5 1977, døypt i Flatekval kyrkje 7. august 1977.

VIGDE:

DALE:

Erling Emil Eik og Grete Elvine Iversen, vigde 23/7 1977, i Mevik Kapell.

Ove Normann og Lillian Reigstad, vigde 13/8 1977.

Terje Dalseid og Jenny Hisdal, vigde 20/8 1977.

STAMNES:

Jan Per Jonassen og Tove-Karin Dyvik, vigde 20. august 1977.

AVLIDNE:

DALE:

Halstein Sellevold, fødd 26/7 1920, døydd 26/8 1977, gravlagd 2/9 1977.

VAKSDAL:

Amanda Marie Sæterdal, fødd 14/6 1891, døydd 6/8 1977, gravlagd 13/8 1977 frå Tabernaklet.

EIDSLANDET:

Guttorm Lilljerd, fødd 31/3 1912, døydd 27/8 1977, gravlagd 3/9 1977.

Avskilsgudstenester

Avskilsgudstenestene for sokneprest Bjørsvik kring i sokna våre vert som fylgjer: Eidsland 2. oktober, Nesheim 9. oktober, Bergsdalen 16. oktober, Flatekval 23. oktober, Stamnes 30. oktober, Vaksdal 6. november og Dale 13. november.

Det kan òg nemnast at kyrkjelydsfesten på Vaksdal den 6. november og vert ein avskilfest for Gunvor og Lars Bjørsvik. Ein annan sak er om det ikkje på Vaksdal lyt kallast ein velkomstfest då dei kjem for å busetta seg her i tilknytning til avskilen som prestefolk.

DALE BILSERVICE

Johannes A. Lid & Co
Tlf. 2193 — Dalekvam

Hausvik og Faugstad ^{1/5}

Vaksdal

Telefón 3603.

A. L. VATLE

DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvare
Frukt og grønnsaker

Aksjonsveke

I DALE KYRKJE

Det vert aksjonsveke i Dale Kyrkje frå onsdag 19. oktober, til onsdag 26. oktober. Dei tre første kveldane vil Dr. John Livden tala. Laurdag vert det stort ungdomsprogram i Kyrkja, og søndag 23. vert det song og musikkprogram. Dei tre siste kveldane vil pastor Audun Tang tala. Det vert rikeleg med song og musikk på alle møta. Innbyding til å bli med, går ut til alle heimmar.

Sjå også kunngjering seinare.

Til deg over 65

Eldretreffa i prestebustaden på Vaksdal held fram som før med samlingar ein gong i månaden. Datoane for hausten vert: 22. september, 20. oktober, 17. november og 15. desember. Merk datoane. Det vert alle dagar kl. 16.00, og dei som ynskjer skyss kan kontakta prestekontoret. Samlingane vert lagt opp med litt av kvart, men andakt og kaffeøkt høyrer fast med. Er du over 65 år er du hjartans velkomen.

Neste kyrkjeblad

Stoff til neste kyrkjeblad lyt ein ha før 10. oktober.

Velkomen til Kyrkja

17. sundag etter Trieining, 3. okt.:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes. Familiegudsteneste. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Barnekoret syng.

Eide land kapell kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Familiegudsteneste. Utdeling av «Mi kyr-

«Og eg er viss på at han som tok til med ei god gjerning i dykk skal fullføra henne — heilt til Jesu Kristi dag.»

Fl. 1.6.

kyrbok». Konfirmantpresentasjon. Avskilsgudsteneste for Bjørsvik.

18. sundag etter Trieining, 9. okt.:

Dale kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes. Familiegudsteneste. Utdeling av «Mi kyrkjebok». Speidarane deltar. Offer til soknerådet.

Nesheim kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Santalmisj. Avskilsgudsteneste for Bjørsvik.

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Pastor Alf Andersen. Nattverd.

19. sundag etter Trieining, 16. okt.:

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes. Nattverd. Konfirmantpresentasjon.

Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Avskilsgudsteneste for Bjørsvik.

20. sundag etter Trieining, 23. okt.:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes. Offer til Nordhordland indremisjon.

Eksingedalen kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Avskilsgudsteneste for Bjørsvik.

Bededag, 30. okt.:

Dale kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes. Nattverd. Soknerådval.

Stamnes kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Avskilsgudsteneste for Bjørsvik.

Helgemesse-sundag, 6. nov.:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Avskilsgudsteneste for Bjørsvik.

Nesheim kyrkje kl. 11.00. Res.kap. Steinnes. Nattverd. Soknerådval.

23. sundag etter Trieining, 13. nov.:

Dale kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Bjørsvik. Offer til Nordhordland Indremisj. Avskilsgudsteneste for Bjørsvik.

Eidsland kapell kl. 11.00. Res.kap. Steinnes. Nattverd. Soknerådval.

Sjå og kunngjering i lokalblada.

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, Tlf. 2421 Frå Til
Måndag, Tysdag, Ons-
dag og Fredag .. 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.30

VAKSDAL, Tlf. 3605
Tysdag og Fredag 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.30

STAMNES, Tlf. 3 a
Måndag frå kl. 9.30 til kl. 14.30

Bruvik Sparebank

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA

Dale Handelsforening
Dalekvam

TOMAS UTSKOTTIS
SKOFORRETNING

Dalekvam

RADIOSPECIALEN 1/5

Tlf. 2240 DALEKVAM

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

BØKER - PAPIR - BIBLAR

SALMEBØKER- SANGBØKER

EIDE & PETERSEN 1/5

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

Arth. og Arne Vaksdal
HANDEL

Tlf. Dalekvam 2348 — 2161
Stanghelle — Vaksdal — Dale

Vaksdal koop. Handelslag

VAKSDAL

Telefon ; Kontor 3712. Snarkjøp 3710,

Kjøp i Dykkar eigen forretning